

# Møteinkalling

---

**Utvalg:** **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen  
nasjonalparkstyre**

**Møtested:** E-postbehandling

**Dato:** 08.06.2015

**Tidspunkt:**

---

Etter avtale med styreleiar følgjer to hastesaker for e-postbehandling i Arbeidsutvalet for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre.

Ber om tilbakemelding med eventuelle synspunkt på innstillinga så snart som mogleg.

Med helsing

Kari Sveen  
Nasjonalparkforvaltar

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 2/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 - Testing av helikopter - Norsk Luftambulanse, Dombås		2015/3839
ST 3/2015	Sak - Utladalen landskapsvernområde - Utskifting av bru over Fleskedøla og helikoptertransport - DNT Oslo og Omegn		2015/3230

Arkivsaksnr: 2015/3839-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 08.06.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	2/2015	08.06.2015

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2015 -  
Testing av helikopter - Norsk Luftambulanse, Dombås****Forvaltar si innstilling**

Norsk Luftambulanse A/S får med heimel i § 48 i naturmangfaldlova, jf. § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, dispensasjon frå verneforskriftas § 3 pkt. 6.1 (forbod mot lågtflyging) i samband med uttesting av ny helikoptertype.

Løyvet blir gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld nødvendig lågtflyging i området rundt Galdhøpiggen 11. juni, for test av ny helikoptertype. Alternativ dato er 12. juni.
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem (mob. 959 65 158) skal ha melding ved eventuell endring av dato til 12. juni, seinast dagen før gjennomføring.
- All aktivitet skal foregå på ein måte som tek omsyn til dyre- og fugleliv og andre brukarar av området.

**Saksopplysningar**

- Søknad ved e-post av 05.06.15

Norsk Luftambulanse A/S v/ Ole Anders Listad har ved e-post av 5. juni sendt søknad om flyging under minstehøgder for flyging i nasjonalpark. Søknaden gjeld testing av ny helikoptertype, og er planlagt utført saman med Airbus Helicopter torsdag 11. juni. Uttesting skjer i området Dombås- Lom. Grunngjeving går fram av søknaden:

*«Det er ønskelig å få utført tester/sammenligninger mellom dagens helikoptertype og ny type. Dette er ett ledd i utskifting av dagens flåte samt forberedelser til ny anbudsrende i*

*Luftambulansetjenesten. Helikoptertypen som skal testes er av typen H135T3 som er en forbedret modell av dagens EC135.*

*Ett av målene er å få testet yteler i høyden, dette er en av de store utfordringene vi har med dagens helikoptertype.*

*Vi planlegger med noen avganger og landinger ved Juvasshytta. Dette blir avklart med Lom Kommune.*

*Vi søker om dispensasjon for å fly under minstehøyder for området Galdhøpiggen, for å få testet yteler på store høyder. Årsaken til at dette området er valgt er at vi erfaringmessig har mange oppdrag i Jotunheimen og vi er kjent med de utfordringen vi har i kombinasjon yteler/høyde/rekkevidde.*

*Flyging i området Juvasshytta-Galdhøpiggen planlegges utført torsdag 11 juni i tidsrommet 1000-1300. Flygingen under minstehøyder i Nasjonalparken blir så kortvarig som mulig. I tilfelle dårlig vær blir fredag 12 juni alternativ dag.»*

## Vurdering

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark (revidert 14.11.14)
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

Følgjande punkt i verneforskrifta er relevante i høve til søknaden:

§ 3, pkt. 6. Motorferdsel

6.1 Forbod mot motorferdsel

*Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.*

---

§ 4 Generelle dispensasjonsreglar

*Forvaltningsstyresmakta kan gjøre unntak fra forskriften dersom det ikke strir mot formålet med vernevedtaket og ikke kan påverke verneverdiene nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.*

Forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde (1998) gjev følgjande retningslinjer:

*"Redningsøvingar som treng bruk av motoriserte kjøretøy skal i størst mogleg grad leggjast utanom verneområda. I dei høva det er naudsynt å ha slike øvingar i verneområde skal desse vere i regi av lensmannen. I alle høve skal øvingane godkjennast av forvaltningsstyresmakta."*

Miljøverndepartementet sine retningslinjer for redningstenesta sin bruk av motoriserte hjelpemiddel (Rundskriv 13/120 ) seier m.a. følgjande «Øvingskjøring og kjentmannskjøring innenfor et verneområde kan skje dersom det gis dispensasjon fra verneforskriften etter den generelle dispensasjonsbestemmelsen i naturmangfoldloven § 48. Søknad om dispensasjon sendes forvaltningsmyndigheten for verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal vurdere slike søknader etter § 48 første alternativ, som gjelder dispensasjon for kjøring som ikke er i strid med verneformålet, eller som kan skade verneverdiene nemneverdig.»

Naturmangfaldlova § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast: «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nemneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er «å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneholder særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *Vakre og eigenarta landskap*
- *Fjellvatn og vassdragsnatur*
- *Særprega geologiske førekommstar*
- *Leveområde for villreinen*
- *Kulturminne*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

Motorisert transport er nødvendig i samband med redningsaksjonar, og testing av utstyr er ein del av beredskapen. Brukarar av området kan nok til ein viss grad bli uroa av motorstøy, men aktiviteten vil skje over eit relativt kort tidsrom. Ein dag med helikopterflyging vil ikkje gå ut over verneverdiane isolert sett, og oppdraget er ikkje av slik karakter at ein kan få mange liknande søknader. Det er derfor vurdert at tiltaket ikkje stirr mot verneformålet eller påverkar verneverdiane namneverdig. Testing skal i den grad det er mogleg leggjast utanom verneområde. I dette tilfelle er testinga knytt til flyging i stor høgde over havet, og alle norske toppar over 2300 m.o.h. ligg innan verneområdet. For å få testa kapasiteten ved flyging til dei høgaste toppane er det derfor nødvendig å koma inn i nasjonalparken. Galdhøpiggen er i tillegg blant dei mest trafikkerte områda, slik at sjansen for å bli kalla ut på redningsoppdrag her er stor. Det er store samfunnsinteresser knytt til ei slik uttesting, og fordelane ved å gje dispensasjon blir vurdert som større enn ulempene.

Vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12:

- *Kunnskapsgrunnlaget* om naturmangfald (§ 8) er gjeve gjennom bakgrunnsdokument til forvaltningsplan og erfaringsbasert kunnskap samla av fjeloppsyn og forvaltning over fleire år. Helikopterflyging i området rundt Galdhøpiggen med utgangspunkt Juvvasshytta vil i liten grad påverke naturmangfald og dyreliv som er kjent i området.
- *Føre-var-prinsippet* (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde. Ein vil få støy i eit avgrensa tidsrom, men tiltaket gjev ikkje varig påverknad.
- Etter § 10 «*Økosystemtilnærming og samlet belastning*» skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Tiltaket er knytt til nødvendig beredskap, og må sjåast i samanheng med at Jotunheimen er ein brukspark med stor friluftslivsaktivitet. Det er derfor behov for ein best mogleg beredskap. Tiltaket skjer over eit kort tidsrom knytt til eit planlagt opplegg, og ein kan ikkje sjå at det vil koma fleire liknande saker som gjev stor samla belastning.
- § 11 om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er ikkje relevant.
- § 12 «*Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode*» er ikkje relevant, da helikopter er den løysinga som skal testast ut.

#### Konklusjon:

Tiltaket er av stor samfunnsmessig verdi, og fordelane er vurdert som klart større enn ulempene. Jotunheimen er av dei mest besøkte fjellområda både vinter og sommar. Norsk Luftambulanse gjer ein viktig jobb med å bidra til å ivareta tryggleiken for dei mange som ferdast i nasjonalparken. Jotunheimen er eit område der kombinasjonen av mange besøkande og alpint terreng med eit barskt klima medfører behov for god beredskap for å kunne gjennomføre nødvendige redningsaksjonar. Uttesting med tanke på å finne rett utstyr er nødvendig for å ha ei best mogleg redningsteneste i høgfjellet.

Arkivsaksnr: 2015/3230-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 21.05.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	3/2015	08.06.2015

**Sak - Utladalen landskapsvernområde - Utskifting av bru over  
Fleskedøla og helikoptertransport - DNT Oslo og Omegn****Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde §3 pkt. 1.3 d) løyve til å bygge ny bru over Fleskedøla. Det vert samtidig gjeve løyve til transport av material med helikopter etter §3 pkt. 6.3 g). Ut frå kjennskap til vegetasjon rundt brua, vil det ikkje påverke verneverdiene om det vert gjennomført naudsynt tynning for å gjennomføre transporten med helikopter. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld ut juli 2015
- Løyve til helikoptertransport gjeld inn til 5 turar mellom Hjelle og brukryssinga over Fleskedøla. Helikopteret skal følgje austsida av Utladalen over Vettismorki.
- Ubehandla material kan leggast att, men skal dras på land slik at det ikkje kjem ut i elva.
- Alt behandla material og metall som ikkje vert brukt på den nye brua, skal fraktast ut att.
- Seinast dagen før flyging skal SNO v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no) varslast slik at SNO kan gje melding om det må takast spesielle omsyn.
- Ein enkel rapport skal sendast til nasjonalparkforvaltar per mail innan 01.september.

## Saksopplysningar

### Dokument i saka

- Søknad datert 07.05.2015 frå DNT Oslo og Omegn ved Thomas With

### Søknaden skal behandlast etter:


- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

### Bakgrunn for søknaden:

DNT Oslo og Omegn har eit omfattande stinett i Jotunheimen og Utladalen. Gjennom Utladalen går den mest brukte stien frå Vetti Gard Turiststasjon, via Vettismorki til Skogadalsbøen. Langs stien er det fleire bruer og desse krev vedlikehald. Brua over Fleskedøla er bygd av material som er skore på saga på Vettismorki av lokalt trevirke. Over tid er denne blitt svekka og er nå vurdert at den må byttast ut. Under er biletet av bruha per i dag.



Plan for ny bru: «Ny bru i samme konstruksjonsprinsippet, men i impregnerte materialer. Hovedbæring i 2 stk mastestolper, gangbane i 48/148, rekkverkstolper, diagonaler og håndløper i 48/98 og fot- og knelist i 28/123 mm. Tømmerbukken konstrueres i grove firkantprofiler som stives av diagonalt. Forbindelser utføres med tømmerbindere og gjennomgående bolter. Eksisterende fjellbolter gjenbrukes.»



«Tiltaket planlegges utført i juni, fortrinnsvis i forbindelse med annen flygning i Utladalen. Dette samordnes med SNO.

Søknaden om motorferdsel omfatter flyging fra P-plass ved Hjelle til Fleskedøla med materialer som settes ned med longline fra helikopteret. Mannskaper må gå inn og klargjøre for å ta imot materialene på stedet. Estimert 3 turer inn. Utflyging til Hjelle med brukte impregnerte materialer og utstyr. Vi søker om å la de to gamle stokkene, samt tømmerbukken ligge igjen på en av landsidene. De er mest sannsynlig tilvirket på stedet. Det er også fare for at stokkene knekker under helikoptertransport. Estimert utflyging 2 turer.

Brustedet er omkranset av høye trær på begge sider. Det søkes om å felle nødvendige trær for å komme ned med longline. Bilder av brusted med aktuelle trær ettersendes.

Utførende og prosjekterende firma er Årdal Byggservice as.»

## Vurdering

Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde §3 pkt. 1.3:

«Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- d) Bygging av bruer og legging av klopper.»

Sidan heile den gamle bru skal rivast, må oppbygging av ny bru ha løyve etter §3 pkt. 1.3. Den nye bru skal byggast opp på same lokalitet som den gamle, byggast etter same prinsipp og bruke eksisterande boltar. Bruk av mastestolpar med gangbane av 6"plank og rekverkstolpar er brukt på fleire bruer i Utladalen (§8 i nml.). Stien inn til Skogadalsbøen er helt avhengig av ei bru over Fleskedøla og staden har vist seg eigna for brukryssing. Det vert også søkt om å la dei gamle stokkane og tømmerbukken ligge att då det er fare for at dei vil knekke ved uttransport. Dette er material som

utarbeida av lokalt virke og derfor ikkje behandla med framandstoff som kan føre til ureining. For å unngå effektar på vassføringa i elva, vert det sett vilkår om at materiale må dras på ein sikker stad på land. Trykkimpregnert materiale som ikkje vert brukt i ny bru skal fraktast ut att (§9 i nml.). §§ 10,11 og 12 i nml. er ikkje relevant for denne delen av saka.

Samtidig vert det søkt om å fjerne nokre tre rundt bruhaugen slik at ein kjem til med helikoptertransport. Etter §2 i verneforskrifta: «*Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging som kan endre landskapet sitt særpreg og karakter vesentleg.*». Ved bruhaugen er det ikkje markerte eller særleg gamle tre som pregar landskapet, men fjerning av mykje skog kan påverke inntrykket (§8 i nml.). Det er derfor viktig at det ikkje fjernast særmerkte tre eller meir tre enn det som er naudsynt for å kunne gjennomføre transporten.

Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde §3 pkt. 1.3:

«Forvaltningsstyretemakta kan gje løye til:

- g) *Transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar.*»

Prosjektet krev transport av material med helikopter. Det vert søkt om 3 turar inn og 2 ut att. Juni månad er i siste fase av hekkinga for rovfugl. Det er kjende hekkelokalitetar i Utladalen og det vert derfor sett vilkår om flygingsrute for å minimere påverknaden på hekkande rovfugl (§§8 og 9 i nml.) Vinteren 2015 har vore hard med bruene i Utladalen og det har vore behov for fleire tiltak med motorferdsel. Det er også ein del transport knytt til drift av turisthyttene i området. Det samla nivået av motorferdsel vert vurdert som akseptabelt (§10 i nml.). Helikoptertransport er det einaste praktiske og mest formålstenlege transportmåten for slike tunge laster (§12 i nml). §11 er ikkje relevant for denne saka.